

# Årsplan 2025

Vedtatt i PS-sak 11/2025 i fylkesutvalet 23.01.2025

Regional plan for klima 2022-2035



# Innleiing

## Regional plan for klima 2022-2035 – ein plan for klimaomstilling av Vestland

### Kva er dette?


Dette dokumentet er årsplan for 2025, eit dokument som syner korleis vi aktivt jobbar for å følgje opp Regional plan for klima 2022-2035 sitt handlingsprogram for perioden 2022-2025.

Årsplanen seier:

- ✓ kva vi skal gjere i 2025
- ✓ kven som har ansvar for å gjere det

Årsplan 2025 sine fylkeskommunale tiltak for utsleppsreduksjon finn de også att i klimabudsjettet for 2025. Fylkeskommunen nyttar klimabudsjett som styringsverktøy. Dette er inkludert i Budsjett 2025/økonomiplan 2025-2028.

[www.vlfk.no/klimaplan](http://www.vlfk.no/klimaplan)



**Forkortingar:** NPI – Næring, plan og innovasjon, OPK – Opplæring og kompetanse, INV – Infrastruktur og veg, KFO – Kultur og folkehelse, ORO – Organisasjon og økonomi, IDI – IKT og digitalisering, MOK – Mobilitet og kollektivtransport, EIU - Eigedom og utbygging

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2025	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2025	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg avdeling i VLFK
<b>SAMARBEID</b>							
1	Klimaråd Vestland	Andre samfunns-effektar	1.1.	<b>Klimaråd Vestland</b>	Vidareutvikle klimaråd som arena for samarbeid og klimahandling med nye representantar for perioden.	Vestland fylkeskommune	NPI
2	Regional samarbeidsgruppe for klimaomstilling		2.1.	<b>Etablere Regional samarbeidsgruppe</b>	Tilpasse etablering av denne gruppa til rigg for utarbeiding av to nye regionale planar etter vedtakt av UPVL 2024-2027	Vestland fylkeskommune	NPI
3	Klima og miljøleing i Vestland fylkeskommune	Andre samfunns-effektar	3.1.	<b>Klimabudsjett - vidareutvikle det som verktøy for måloppnåing</b>	Vidareutvikle metodikken og samarbeidet for klimabudsjett som effektivt styringsverktøy for utslppsreduksjon. Sikre integrering av utarbeiding og oppfølging av klimabudsjett og naturkonsekvensvurdering i rutine for ny økonomiplanprosess.	Vestland fylkeskommune	NPI, konsernans var klima
			3.2.	<b>Klima- og miljøstyring som integrert del av verksemdsstyringa og kvalitetssystemet</b>	Vidareutvikle tverrfagleg samarbeid om klima- og miljøarbeid internt i fylkeskommunen og forankring i administrativ leing, ta ei aktiv rolle som Klimapartner i Vestland og levere årleg klima- og miljørekneskap.	Vestland fylkeskommune	NPI, konsernans var klima
			3.3.	<b>Miljøfyrtårnsertifisering og VLFK</b>	Vestland fylkeskommune er som konsern sertifisert som Miljøfyrtårn. Det er eit mål å fullføre og oppretthalde miljøsertifiseringa av fylkeskommunale einingar. Tannklinkkane og 20 vidaregåande skular er p.t miljøsertifiserte. Klimabudsjett saman med miljøleingsverktøyet Miljøfyrtårn og ein offensiv anskaffingsstrategi bidreg til gjennomgåande klima- og miljøleing i heile organisasjonen.	Vestland fylkeskommune	NPI

		Indirekte utslipp	3.4.	<b>Eigarstyring og eigarstrategiar</b>	Som eigar stiller fylkeskommunen miljø- og klimakrav til selskapa våre gjennom eigarskapsmeldinga, og for nokre av selskapa gjennom enkeltvise eigarstrategiar. Dei fleste av selskapa har slutta seg til eigarskapsmeldinga, og krava i den. Fylkeskommunen følgjer opp i det vidare ved å sende ut ny eigarskapsmelding, med oppdaterte krav i mars-april 2024.	Vestland fylkeskommune	ORO
			3.5.	<b>Naturkonsekvensvurdering av budsjettvedtak</b>	Vidareutvikle metode for å inkludere naturkonsekvensvurdering av fylkeskommunale budsjettvedtak som del av ordinær økonomiplanprosess.	Vestland fylkeskommune	NPI, konsernans var klima
4	Klimapartnere Vestland	Andre samfunns-effektar	4.1.	<b>Vidare satsing på Klimapartnere Vestland</b>	Vidareutvikling av Klimapartnere Vestland som eit partnerskap for utslippekkutt og grøn forretningsutvikling. Nettverket vidareutviklar klimarekneskap som verktøy for å systematisk jobbe med klimarapportering for å syne resultat, samle eksempel frå verksemdene og vise god praksis. Det er 81 Klimapartnere i Vestland pr no i heile fylket. Klimapartnere i Vestland blir svært positivt motteke hjå partnarane, både offentlege og private. Også frå partnarar i kulturfeltet. Når ein ikkje har fått det same fotfestet i fylka nord og sør for Vestland så bør ein vurdere om Klimapartnere Vestland kan spele ei større regional rolle for Vestlandet ikkje berre Vestland.	Klimapartnere Vestland	NPI
			5.1.	<b>Vektlegging av bidrag til klimaomstilling i fylkeskommunale tilskotsordningar</b>	I samband med tildelinga av regionale tilskotsmidlar skal miljøprofil og tiltaket sitt bidrag til klimaomstilling vektleggast i vurderinga, når det er relevant. Utarbeide gode rutinar på dette i kvar enkelt tilskotsordning for å sikre at tilskotsmidlar frå VLFK bidreg til å stimulere prosjekt til å bidra til klimaomstilling, og at Vestland når måla sine.	Vestland fylkeskommune - alle avdelingar	NPI

5	Regionale tilskotsordningar	Andre samfunns-effektar	5.2.	Tilskotsordning til berekraftig samfunnsutvikling - midlar kutta frå budsjettet i 2025.	<p><b>NY TEKST:</b> Tilskotsordning for fagområda klimaomstilling, folkehelsearbeid og by- og stadutvikling. Tilskotsordninga støttar opp om prosess- og utviklingsarbeid i kommunane sin innsats for å styrke lokalsamfunn, gode kvardagsliv og like mogelegheiter for alle. Tilskotsrunden i 2024 skal bli evaluert før ny utlysing i 2025. Estimert søknadsfrist 30.april</p> <p>Gjennomføre studietur knytt til tilskotsordninga i 2025 for å promotere ordninga, følgje opp pågåande prosjekt og stimulere og inspirere til nye søknader.</p>	Vestland fylkeskommune	NPI og KFO
			5.3.	Tilskot til drift av miljøorganisasjonar	<p>Følgje opp samarbeidsavtalar med miljøorganisasjonar for tilskot til drift 2024-2026 (PS256/2024 i fylkesutvalet 22.10.2024). Inngå og følgje opp samarbeidsavtalar med Naturvernforbundet Hordaland, Bergen og Hordaland Turlag, DNT Sogn og Fjordane, Voss Utferdslag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane</p> <p>m/lokallag og Vestland Natur og Ungdom.</p>	Vestland fylkeskommune	NPI
6	Klima- og miljøpris		6.1.	Vestland sin klima- og miljøpris 2025	<p>Publisere, nominere, samt promotere prisen. Nominasjonsfrist 28. februar 2025.</p> <p>Innstillingutval gjennomgår nominasjonar og innstiller kandidat/kandidatar til fylkesutvalet. Fylkesutvalet avgjer om prisen skal delast ut og til kven. Prisen på 70 000 kr og diplom vert delt ut i fyrste tingsete etter vedtak.</p>	Vestland fylkeskommune	NPI
7	Innbyggjarpanel / generasjonskafé		7.1.	Forarbeid innbyggjarpanel	Ikkje kapasitet i 2025	Vestland fylkeskommune	NPI

8	Klimakommunikasjon		8.1.	<b>#Klimaomstilling 2025</b>	10-årsjubileum for klimaomstillingskonferansen i 2025. 6.-7. mai vert #Klimaomstilling2025 arrangert av eit breidt partnerskap. Konferansen ser på klimagassutslepp og klimatilpassing i samanheng, og diskuterer på tvers av forvaltningsnivå, akademina og fagfelt.	Vestland fylkeskommune, i samarbeid med Vestlandsforskning, Statsforvaltaren, Høgskulen på Vestlandet, NORADAPT, NORCE, Klimapartnere Vestland, KS Vestland og Kartverket.	NPI
			8.2.	<b>Klimathon 2024</b>	Vidareutvikle Klimathon, eit arrangement der vi jobbar på tvers av fag, sektor og geografi for å løyse utfordringar knytt til klimatilpassing. Planlegge Klimathon 2026.	Vestland fylkeskommune, NORADAPT og NORCE	NPI
			8.3.	<b>Bærekraftig frokost</b>	Avklare koordinering av <i>Bærekraftig frokost</i> som møteplass for dialog, inspirasjon og erfaringsutbyte om tema som energieffektive bygg og bærekraftige bymiljø. Møta er både fysiske og digitale for å nå ut til interessentar i fylket. Omorganisering i Bergen kommune krev avklaringar om vegen vidare og kven som skal ta koordineringsrolla vidare.	Samarbeid mellom Bergen kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Universitetet i Bergen, Bergen Arkitekthøgskole og Høgskulen i Vestland.	NPI
			8.4.	<b>Klima og miljøfokus i den Kulturelle Skulesekken</b>	Utarbeiding av program for 2025 vert gjennomført i januar/februar 2025 og vil truleg innehalde relevant aktivitet som del av den Kulturelle skulesekken.	Den Kulturelle skulesekken	KFO
			8.5.	<b>Varmere Våtere Villere</b>	Klimafestival arrangert i Bergen, 12.-15. mars 2025. Klimafestival for å gjere klimadebatten meir tilgjengeleg og engasjerande gjennom uformelle og sosiale arenaer for dele kunnskap, meningar og idear. Vestland fylkeskommune har delteke i programkomité.	Varmere Våtere Villere	NPI
			9.1.	<b>Oppfølginga av Utsleppsanalyse frå CICERO og TØI</b>	Sikre god bruk av utsleppsanalyse og tiltakspakkane. Prioritert oppfølging vert innføring i verktøyet for å kalkulere effekt og vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget og synleggjering av måloppnåing.	Vestland fylkeskommune	NPI

9	Kompetanse, forskning og innovasjon		9.2.	<b>Empowered Futures</b>	Internasjonal forskarskule for PhD-utdanning. Kunnskap og kompetanse om energiomstilling er meir enn utelukkande teknologisk innovasjon. Energiomstilling gir delte meinigar og kontrovers. Forskarskulen arbeider for å navigere kontroversar av ei energiomstilling av samfunnet. Utdanninga gir forskingsbasert kompetanse på konfliktmekling, rettferdig energipolitikk, og utviklingsrammer for å oppnå ei rettferdig omstilling. Partnerar er UiO, UiB, UiS og UiA. VLFK deltek som ein samfunnspartnar. Deltaking i prosjektet kan på sikt sikre forskning på Vestland si energiomstilling, sikre arbeidsrelevant erfaring, feltarbeid, samt at VLFK stiller med førelesing om pågåande og relevante prosjekt i Vestland.	NMBU - Norsk miljø- og biovitenskaplige universitet	NPI
			9.3.	<b>Klima- og miljøfag i vidaregåande opplæring</b>	Klima- og miljøfag ved Firda vgs svarer godt ut på overordna mål om berekraftig utvikling og klima og miljøundervisning. Faget ser klimautfordringar i både eit naturfagleg og samfunnsfagleg perspektiv. Faget har vore ei prøveordning i fleire år og ventar på godkjenning. Fylkeskommunen v/opplæring skal arbeide aktivt for å få klima- og miljøfaget ved Firda vgs godkjent og få utvikla ein felles læreplan slik at alle skular kan ta faget i bruk ved alle skular i fylket og nasjonalt.	Vestland fylkeskommune, saman med Firda VGS	OPK
			9.4.	<b>Skulen som drivkraft for berekraftig samfunnsutvikling</b>	Vidaregåande skular og fagskulen som arena for kunnskapsutvikling, drivkraft for samfunnsutvikling og for å sikre innovasjon og kompetanse hjå framtidens innbyggjar og deltakarar i det grønne skriftet.	Vestland fylkeskommune	OPK
			9.5.	<b>EU Mission: Charter for Climate Adaptation</b>	Deltek aktivt i å følgje opp signert Mission Charter for Climate Adaptation i nasjonalt nettverk drifta av KS, samt tilhøyrande Community of Practice. Samarbeid klimatilpassing, både kunnskap og løysingar.	Vestland fylkeskommune	NPI

			9.6.	<b>Actionable budgets for sustainable climate and nature governance (ECOBUDGET)</b>	Deltaking i prosjekt som skal undersøke korleis kommune og fylkeskommunen aktivt kan bruke klimabudsjett og arealrekneskap-budsjett som eit verktøy i forvaltning og arealplanlegging.	Universitetet i Bergen	NPI
			9.7.	<b>Forprosjekt: Alternative konstruksjonstypar og materialar i bru</b>	Forprosjekt med oppsummering av fordeler og ulemper med alternative brukonstruksjonar, som til dømes bru i aluminium, kompositt med meir, med omsyn til kostnad og berekraftsprestasjon i eit livsløpsperspektiv. Slik kunnskap vil vere nyttig får å få opp berekraftsprestasjon for kommande investeringsprosjekt og vil kunne ta ned klimafotavtrykket i eit livsløpsperspektiv. <i>Undersøke mogelegheit EU-finansiering.</i>	Vestland fylkeskommune	INV



## Auka klimafokus i kommunane

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
10	Klimanettverk for kommunar i Vestland		10.1.	<b>Kommuneundersøking 2025</b>	Gjennomføre og følgje opp kommuneundersøkinga 2025.	Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune	NPI
			10.2.	<b>Klimaomstilling i kommunale planar</b>	Sikre oppfølging av Regional plan for klima gjennom kommunale planprosessar. Følgje opp kommunale overordna planar. Dette kan vere med eigen klimaplan, eller at det vert tilstrekkeleg dekkja i andre overordna kommunale planar.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI
		Andre samfunns-effektar	10.3.	<b>KlimaVestland</b>	Prioritert satsing på samarbeid med kommunane i Vestland om klimaomstillinga. Gjennom satsinga vert det tilrettelagt for kunnskapsdeling, opplæring via klimanettverk og webinarar, og gjennom rådgjeving i planleggingsprosessar.	Vestland fylkeskommune	NPI
11	Kunnskapsbasert planlegging		11.1.	<b>Klimadashbord</b>	Vidareutvikle klimadashbord for å formidle oppdatert klimastatistikk og kunnskap. Vidareutvikling internt i fylkeskommunen for å formidle statistikk på tvers av fagfelt.	Vestland fylkeskommune og Grøn region Vestland	NPI
			11.2.	<b>To steg nærmare arealnøytralitet</b>	Utvikle verktøy for å redusere klimagassutslepp i arealplanlegginga. Verktøyet skal hjelpe kommunane å identifisere areal med potensiale for transformasjon og areal med potensiale for restaurering.	Vestland fylkeskommune	NPI
			11.3.	<b>Verktøy for å ta i bruk naturbaserte løysingar - prosjekt.</b>	Utvikle verktøy for å ta i bruk naturbaserte løysingar. Kommunane kan måle framgang i arbeidet med klimatilpassing og bruke håndbok for naturbaserte løysingar som blir utvikla i arbeidet.	Vestland fylkeskommune i samarbeid med: Stavanger kommune, Etne kommune, Sauda kommune, Haugalandet vassområde og Rogaland fylkeskommune	NPI

12	Vidareutvikle klimabudsjett som styringsverktøy		12.1.	<b>Ingen tiltak i 2025</b>	Inngår i tiltak 3.4. og intern klima- og miljøleing i Vestland fylkeskommune.	Vestland fylkeskommune	NPI
13	Heilskapleg klimaplanlegging		13.1.	<b>Samordning og samarbeid om rettleiing</b>	Samordning av rettleiing ovanfor kommunane.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI

## Plantema: Redusere direkte klimagassutslepp

### Deltema: Transport

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
14	Nullvekstmål i byområda	Direkte utslepp	14.1.	<b>Miljøløftet</b>	Samarbeide for å nå nullvekstmålet som vi er forplikta til gjennom byvekstavtalen for Bergensområdet. Alle prosjekt og tiltak i Miljøløftet skal porteføljestyraast opp mot måloppnåing i høve til nullvekstmålet og slik bidra til eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for innbyggjarar og næringsliv i Bergensområdet. Oppfølging av handlingsprogram for Miljøløftet for perioden 2023-2026 (vedteke FT 21.06.2022 PS 46/2022) vil legge til rette for bruk av miljøvenleg teknologi og innovasjon, redusert bilbruk, auka bruk av kollektivtransport og auka bruk av sykkel og gange. Vestland fylkeskommune rår over ei rekke verkemiddel knytt til rute- og takststruktur for kollektivtransport, veginfrastruktur, rekvirering av bompengar og arealpolitikk. Tett samarbeid mellom partane er likevel avgjerande for å lukkast med ulike tiltakspakkar innanfor avtaleområdet. inansiering i tråd med byvekstavtale.	Tett samarbeid mellom dei 9 partane i Miljøløftet	MOK

15	Grønare bybanebygging	Direkte utslepp	15.1.	<b>Grønare bybanebygging</b>	Grøn bybanebygging bidreg til å fremje gode og framtidsetta klima- og miljøløysingar både under prosjektering og utbygging, både gjennom bruk av ny teknologi, klimarapportering og innkjøpskrav. Målet er å identifisere relevante tiltak som på ein kostnadseffektiv måte kan gi reduserte utslepp og miljøbelastning. I prosjektet inngår blant anna å utarbeide klimagassbudsjett for byggetrinnet, fossilfri byggeplass, utprøving og innføring av elektriske anleggsmaskiner, bruk av materialar med lågast mogleg utslepp, gjenbruk og gjenvinning av materialar og avfallshandtering. (Meir informasjon om prosjekt finns i klimabudsett)	Bybanen utbygging	EIU
16	Vidareutvikling av tettstadpakkar i Vestland		16.1.	<b>Avventar oppstart</b>	Utsett til etter vedtak av Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn.	Vestland fylkeskommune	NPI
17	Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn		17.1.	<b>Avventar oppstart</b>	Kunnskapsgrunnlaget som er utarbeida vil inngå i arbeidet med Utviklingsplan for Vestland.	Vestland fylkeskommune	NPI
18	Vestlandssatsing på elektrisk luftfart	Direkte utslepp	18.1.	<b>Vestlandssatsing på elektrisk luftfart</b>	Avinor og Luftfartstilsynet starter prøvedrift med elfly mellom Bergen og Stavanger fra august 2025 med Bristow Norway som operatør.	Avinor og Luftfartstilsynet	NPI
		Andre samfunns-effektar	19.1.	<b>Samarbeid for heilskapleg verdikjedesatsing for alternative drivstoff i skipsfart</b>	Bidra til alternative drivstoff i skipsfart. Til dømes ved prosjektstøtte og arbeid for betre rammevilkår og vere positiv til aktørar som vil etablere produksjon eller bunkringsanlegg langs kysten.	Vestland fylkeskommune, i samarbeid med: Enova, staten, kommunar, hamnemyndigheiter, maritim næring, Kystverket og andre relevante aktørar, inkl. Grønt Skipsfartsprogram.	NPI

19	Grøn skipsfart	Direkte utslepp	19.2.	<b>Elektrifisering av ferjesamband</b>	For ferje vart 17 samband heil- og deelektrifisert i 2020 og 2021. No er 22 av 28 ferjer hybridelektriske. For ferjesambanda i Hordaland vart utsleppa redusert med 86 prosent mellom 2016 og 2022. For ferjesamband i Sogn og Fjordane er det vedteke å stille krav om utsleppskutt tilsvarande 65 til 70 prosent. Konkurransen vart lyst ut hausten 2024 og driftsoppstart er i 2027. For Sogn og Fjordane er det berekna klimagassreduksjon til 8 500 tonn CO2 per år med innfasing frå haust 2027.	Vestland fylkeskommune	MOK
20	Framtidas hurtigbåt	Direkte utslepp	20.1.	<b>Elektrifisering og biodrivstoff lokale båttruter Sogn og Fjordane</b>	Norled er tildelt kontrakt. Driftskontrakt med operatør starta mai 2024. Leveranse av fartøya og etablering av nettoppgradering og ladeinfrastruktur har vorte noko forseinka. I oppstartsfasen er fokus på å sikre eit stabilt tilbod for dei reisande. Utfordringar knytt til fartøy og rutetabell kan gje noko høgare utslepp enn forventa i 2024 og 2025. Estimert reduksjonspotensiale er 2 400 tonn CO2 per år, frå innfasing noko avhengig av justering i rutetilbod.	Vestland fylkeskommune	MOK
		Direkte utslepp	20.2.	<b>Elektrifisering og biodrivstoff Bergen-Nordfjord-Sogn/Flåm</b>	<b>NY TEKST:</b> Parkert. Fylkestinget vedtok avlysing av konkurransen med krav om utsleppskutt, på grunn av manglande statleg medfinansiering.	Vestland fylkeskommune	MOK
		Direkte utslepp	20.3.	<b>Elektrifisering Askøysambandet og deelektrifisering Nordhordlandsruta</b>	Ved konkurranseutsettinga i 2022 er det stilt krav om heilelektrifisering på askøyruta og CO2-kutt på nordhordlandsruta. Det er inngått ny kontrakt, og oppstart i januar 2025 er under førebuing. Skyss har estimert utsleppskutt til 2700 tonn CO2 årleg frå oppstart.	Vestland fylkeskommune	MOK

		Direkte utslepp	20.4.	<b>Pilotprosjekt Framtidas Hurtigbåt</b>	Framtidas hurtigbåt er eit utviklingsprosjekt i samarbeid mellom Nordland, Troms og Finnmark, Trøndelag og Vestland fylkeskommunar. Prosjektet vil etter planen konkurranseutsette bygging av 2 pilotfartøy i fyrste halvdel av 2024. Det eine fartøyet er eit energieffektiv fartøy med batteridrift som skal ha minimum 30 % redusert energiforbruk samanlikna med dagens hurtigbåtteknologi. Det andre fartøyet skal ha Hydrogen som energikjelde.	Vestland fylkeskommune	MOK
		Direkte utslepp	20.5.	<b>Elektrifisering av båtruter i Hordaland</b>	Det er behov for å fornye alle kontraktar for alle båtrutene i Hordaland dei kommande åra. Knytt til dette er det ambisjon om heil- og delelektrifisering av båtrutene. Det er starta utgreiingsarbeid. Sjå RS 25/2023 til SAMO.	Vestlad fylkeskommune	MOK
21	Hurtigladestrategi	Direkte utslepp	21.1.	<b>Tilskotsordning til bygging av offentleg tilgjengelege hurtigladeplassar i Vestland</b>	Ved å tilby investeringsstønad til aktørar som vil etablere offentleg tilgjengelege ladeplassar, skal ordninga skal gjere det mogleg å bygge ut hurtigladeplassar på stader der kundepotensialet i dag ikkje er venta å gje lønnsam drift. Fylkeskommunen sine tilskot til hurtiglading er ei stor grunn til at Vestland er regionen i verda med høgast tal for elbilar av nybilkjøp og del av bilparken. Tildelingane frå posten for Grøn konkurransekraft og klimainnovasjon sikrar eit ladetilbod i heile fylket.	Vestland fylkeskommune	NPI
		Direkte utslepp	21.2.	<b>Tilskotsordning for ladeinfrastruktur drosjar</b>	Vestland fylkeskommune legg til rette for overgangen til nullutsleppsdroser ved tilskot til kjøp og montering av ladar heime hos drosjesjåførar i Sogn og Fjordane før forskrifta om nullutslepp drosjar trer i kraft også der frå 1.4.2026	Vestland fylkeskommune	NPI
		Direkte utslepp	21.3.	<b>Hurtigladeinfrastruktur til tyngre køyretøy</b>	Følge opp og rullere Fylkestingets strategi for ladeinfrastruktur for tunge køyretøy og lyse ut midlar til tungbillading i tråd med budsjettvedtaket.	Vestland fylkeskommune	NPI

22	Nullutsleppsbusser	Direkte utslepp	22.1.	<b>Nullutsleppsteknologi buss</b>	Om lag ti prosent av bussane er elektriske og 11 prosent køyrer med biogass. Det er vedteke å stille krav om ein auka del elektrisk køyring ved kunngjering av tre busskontraktar for Nordfjord, Hardanger/Voss og Modalen Vaksdal med oppstart i juni 2025. Førebuing for nye kontraktar med elektrifisering i Sunnfjord, Sogn og Hardanger/Voss er i oppstart, med oppstart 2026. Elektrifisering i gjeldande kontraktar Bergen sør og Vest er avklart, og vil ikkje bli gjennomført no. Ein skal også vidareføre satsinga på Biogass, utfrå både miljø og beredskapsomsyn. Hydrogen kan også vera eit alternativ til drivstoff framover.	Vestland fylkeskommune	MOK
		Direkte utslepp	23.1.	<b>Fokus på klima i tidleg fase av veg- og infrastrukturprosjekt</b>	Vestland fylkeskommune skal utforske handlingsrommet i tidleg fase av eit arealplanarbeid. Fylkeskommunen skal setje søkjelys på og teste ut ulike verktøy han og andre vegeigarar kan bruke i planfasen for å oppnå utsleppsreduksjon frå vegbygging. Finansiering: Klimasats. Innføring av klima- og miljøtiltak i INV sin gjennomføringsmodell vil sikre lik praksis i prosjekt og oppfølging og rapportering på tiltak	Vestland fylkeskommune	INV
			23.2.	<b>Transportsklynge VIA</b>	Deltaking i klynge for sikker, smart og berekraftig transportinfrastruktur, med aktørar innan samferdsleområdet. Deltaking i nasjonal klynge kan bidra til måloppnåing både i Regional transportplan og regional plan for klima. Auke kunnskap og knyte nettverk for å utvikle ny teknologi og nye løysingar.	Vestland fylkeskommune	INV
		Andre samfunns-effektar	23.3.	<b>Grøn anleggsektor</b>	Deltaking i nettverket Grønn Anleggsektor for å sikre grøn og fossilfri framtid der innovasjon og nye former for verdiskaping er naudsynt. Nettverket skal sikre sektoren si konkurransekraft.	Vestland fylkeskommune	INV

23	Klimavenleg fylkesveg	Direkte utslepp	23.4.	<b>Klimagassutslepp i driftsfase</b>	Vestland fylkeskommune skal utvikle eit verktøy for å berekne klimagassutslepp i driftsfasen av veg- og infrastrukturprosjekt. Ved å identifisere dei største utsleppskjeldene i driftskontraktane, vil fylkeskommunen som vegeigar kunne stille krav til entreprenørar.	Vestland fylkeskommune	INV
			23.5.	<b>Auka elektrifisering av driftskontraktar</b>	Det skal gjerast ei moglegheitsstudie for å konkludere om elektrifisering av kommande driftskontraktar er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg. Studien vil innebere ei kartlegging av teknologimodenheit av driftskøyretøy, ladebehov og eksisterande lademoglegheiter. I tillegg skal det gjerast ei undersøking om moglegheita for innovative lademåtar med bruk av straum som er tilgjengeleg i teknisk bygg ved tunnelane.	Vestland fylkeskommune	INV
			23.6.	<b>Auka bruvedlikehald</b>	Det lønner seg for klima å forlengje levetida til bruer framfor å bygge nytt. Ved å hente inn etterslepet på vedlikehald av bru, vil ein sleppe å bygge nytt før levetida er utnytta. Avdeling for infrastruktur og veg vil gjere naudsynt kunnskapsinnhenting og finne handlingsrommet for auka bruvedlikehald, inklusive klimatilpassing av eksisterande bruanlegg.	Vestland fylkeskommune	INV
24	Klimavenleg massehandtering	Direkte utslepp	24.1.	<b>Ressursforum for sirkulær massehandtering</b>	Betre samarbeid innan massehandtering vil kunne gje store gevinstar i form av redusert naturpåverknad og auka verdiskaping i ei styrka sirkulær verdikjede. Ressursforum for sirkulær massehandtering i Vestland vidareførast i 2025 med to årlege møter. Føremålet med forumet er å finne best egna modell for samarbeid mellom interessentane på tvers av bransje og myndighetsnivå. I tillegg skal forumet vere ein arena for kunnskapsdeling. <i>Avhengig av finansiering</i>	Vestland fylkeskommune	NPI og INV

## Deltema: Energieffektivisering

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
25	Berekraftige bygg i Vestland fylkeskommune	Indirekte utslepp	25.1.	<b>Handlingsplan for heilskapelege og framtidsetta energiløysingar</b>	Framtidsetta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg - solceller. Det står til no åtte solcelleanlegg ferdig på fylkeskommunale tak. Dette gir 78,5 tonn CO2e sparte klimagassutslepp per år. Fylkestinget vedtok i 2024 ein handlingsplan for solceller på fylkeskommunale bygg, «Framtidsetta energiforsyning i Vestland fylkeskommune sine bygg». Handlingsplanen omfatter ei konkret liste på elleve prosjekt der fylkeskommunen ønskjer å installere solcelleanlegg. Målsettinga er å realisere desse innan utgangen av 2026. Dette vil kunne gi reduksjon på om lag 979 tonn CO2e årleg.	Vestland fylkeskommune	EIU
		Indirekte utslepp	25.2.	<b>Klima- og miljøvenlege bygg</b>	Oppfølging av vedtak i Fylkestinget om at i nye prosjekt innan bygg skal klimakrav formulerast slik at det vert knytt krav til maksimalt utslepp av CO2-ekvivalantar. Krava skal gradvis bli strengare slik at vedteke mål i om nullutslepp i 2030 blir nådd. Eigedom prosjekterer og bygger alle sine større nybygg i hht Breeam Excellent.	Vestland fylkeskommune	EIU
26	Utgreiing om potensiale for energieffektivisering i Vestland		26.1.	<b>Utgreiing: Energieffektivisering i Vestland</b>	Følgje opp bestilt analyse for potensiale for energisparing og energieffektivisering i Vestland. Oppdraget vil inkludere grunnlag for, og strategiar for auke energieffektivisering i regionen.	Vestland fylkeskommune	NPI

## Deltema: Klimavenleg landbruk

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
27	Redusert klimaavtrykk frå Vestlandsjordbruket		27.1.	<b>Ingen tiltak i 2025</b>	Prosjektet var ferdig i 2024. Ingen planlagte tiltak i 2025	KlimaVest	NPI



28	Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgeving	Direkte utslepp	28.1.	<b>Auka bruk av klimakalkulator og klimarådgeving</b>	Mogeleg med støtte frå regionalt miljøfond til klimarådgeving. Føremålet er at bonden skal få rådgeving om garden sitt klimaavtrykk og behovet for klimatilpassing på garden. Bruk av klimakalkulator inngår i dette arbeidet for systematisk å få oversikt over utslepp, korleis redusere utsleppa, og korleis binde karbon på garden.	Statsforvaltaren	NPI
29	Bionova - tilskot til bioøkonomi og klimatiltak	Direkte utslepp	29.1.	<b>Bionova</b>	Sikre vidareformidling av informasjon om den nasjonale tilskotsordninga Bionova til søkarar i Vestland. Sikre at ordninga kan dekke og bidra i Vestland sine utfordringar og mogelegheiter for å gi mest mogeleg resultat for Vestland	Innovasjon Norge, Statsforvaltaren og fylkeskommunen	NPI
30	Styrka jordvern	Direkte utslepp	30.1.	<b>Regional jordvernstrategi</b>	Sikre samordning og kunnskapsdeling for å sette jordvern på dagsorden for å nå ambisjonsnivå i regional jordvernstrategi (jf. Temaplan for landbruk i Vestland 2023-2027). Dette gjennom heilskapleg og langsiktig planlegging. Sikre gjennomgang av alle utkast til kommunale planar på høyring for å sikre at jordvern er ivarettatt.	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland	NPI

## DELTEMA: Berekraftig næringsutvikling

	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
31	Grøn region Vestland	Andre samfunns-effektar	31.1.	<b>Grøn region Vestland</b>	Prosjekt for å rigge Vestland for det grønne skiftet. Breitt regional partnerskap for å auke tempo, gjennom prioriteringar og treffe dei naudsynte tiltaka for å lukkast med grøn omstilling. Tiltak vert gjennomført av næringane sjølve, Grøn region Vestland legg til rette for å gi verkemdene det dei treng for å lukkast. Følgje opp dei 19 hubane i Vestland i arbeidet i 2025.	Innovasjon Norge og Vestland fylkeskommune	NPI

		Direkte utslepp	32.1.	<b>Utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar</b>	Kravstilling i anbod for å fremje utslepps- og fossilfrie bygg- og anleggsplassar på oppdrag bestilt av Vestland fylkeskommune. Verksemda jobbar i tråd med kravsendring i innkjøpsforskrifta frå 1.1.2024. INV legg til rette for auka elektrifisering for driftskontrakt og kommande anleggsprosjekt. Kommande entreprisvert lyst ut med krav som stimulerer til elektrifisering.	Vestland fylkeskommune	EIU, INV, MOK/BU
		Andre samfunns-effektar	32.2.	<b>Stimulere til grønn omstilling av bygg- og anleggsbransjen i Vestland</b>	Styrke samarbeid og kunnskapsdeling om innkjøp og anbud som verkemiddel gjennom å dele erfaringar frå igongsette aktivitetar og prosjekt, til dømes Kunnskapsparken sitt prosjekt "Grøn omstilling i byggebransjen". Styrke samhandlinga mellom fylkeskommunen som byggherre og entreprenør og andre interessentar i anleggsnæringa gjennom til dømes Klimapartnere Vestland og Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)	Vestland fylkeskommune og Klimapartnere Vestland	NPI og Klimapartnere

32	Fossil- og utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar	Andre samfunns-effektar	32.3.	<b>Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv</b>	<p>Berekraftig anleggsutvikling for idrett og friluftsliv gjennom samarbeidsavtale mellom Vestland idrettskrets og Vestland fylkeskommune. Målet er å bli ein sterk regional utviklingsaktør i høve nybygg, rehabilitering, bygging og drift av idrettsanlegg der FN sine berekraftsmål vert lagt til grunn. Samarbeidet skal heve kompetansen på området gjennom felles tiltak og møteplassar for kompetanseheving og rådgjeving for å sikre nyskapande aktivitetsanlegg og berekraftige arrangement.</p> <p>I 2023 har Vestland fylkeskommune inngått ein samarbeidsavtale med NTNU/ SIAT om kompetanse knytt til berekraftig anleggsutvikling. I 2025 vert det vurdert om VLFK skal delta i eit 3 årig nasjonalt samarbeid med m.a. dei andre fylkeskommunane og NTNU/SIAT i kompetansenettverk for berekraftige idretts- og aktivitetsanlegg. Prosjektet har fokus på å samle, utvikle og formidle kunnskap. Politisk sak første kvartal i 2025</p>	Vestland Idrettskrets og Vestland fylkeskommune	KFO
32	Sirkulære verdikjeder		33.1.	<b>Gjenbruk av materialar og bygningsdelar</b>	<p>Auka ombruk av bygningsdelar og materialar vil redusere behovet for å produsere, transportere og handtere avfall frå nye produkt. I tillegg til kostnadsreduksjon, vil det redusere klima- og miljøpåverknaden vår og auke vår evne til å delta i sirkulære forretningsmodellar og verdikjeder. Målet er å utarbeide ei oversikt over utfordringane ein må handtere for å kunne hauste av gevinstane med auka sirkularitet i prosjekta. Tiltaket er å førebu søknad til Horizon om auka ombruk av bygningsdelar og materialar. <i>Avhengig av ekstern finansiering.</i></p>	Vestland fylkeskommune	INV

	Sirkulære verdikjeder			33.2.	<b>Forprosjekt: Konkretisere barrierar og investeringsbehov for auka bruk av biogass i ei sirkulær verdikjede</b>	Kartlegge når og kvar biogass kan nyttast som drivstoff, inkl. høvet for samarbeid med bønder for småskalaproduksjon av biogass. Biogass kan vere eit supplement til ladestasjonar for tungbil der det er mindre aktuelt/meir krevjande å bygge ut ladeinfrastruktur. Kartlegginga bør inkludere kriterium for støtte frå t.d. bionova. Relevant også for NPI si satsing på grønne hubar. <i>Avhengig av ekstern finansiering som Klimasats.</i>	Vestland fylkeskommune	INV
34	Karbonfangst, -bruk og -lagring			34.1.	<b>Karbonfangst, -bruk og -lagring</b>	Arbeide politisk for gode rammevilkår for lokalisering og realisering av CCS-prosjekt i Vestland. Arbeida med CCS/CCUS inngår i fleire av HUBane i Grøn region Vestland og blir fylgd tett. Arrangere CCU/CCUS-konferanse på UiB.	Vestland fylkeskommune	NPI
35	Netto nullutslepp frå dei største punktutsleppa	Direkte utslepp		35.1.	<b>Fortsette dialog og samarbeidsform med dei største punktutsleppa</b>	Fortsette dialog frå rundebordskonferansen i juni 2024 for å avklare moglegheiter for samarbeid om å realisere utsleppskutt. Følgje opp aksjonspunkt og vidareføre dialogen.	NHO i samarbeid med aktuelle offentlege og næringsaktør ar og Grøn region Vestland	NPI

## Plantema: REDUSERE KLIMAFOTAVTRYKKET

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
36	Grønt hytteliv i Vestland		36.1.	<b>Ingen tiltak i 2025</b>	Prosjektet er avslutta. Det er ikkje planlagt vidareføring.	Bergen kommune	NPI

37	Plaststrategi	Indirekte utslipp	37.1.	<b>Plaststrategi</b>	Fylkeskommunen gjennomfører tiltak i plaststrategien gjennom egne avdelingsprosjekt og budsjettløyving. Framhald i 2025 vil innebere ei løyving på kr1 mill til plastrydding, deltaking frå vidaregåande skule i Plastutfordringa/Sirkulær og til grønne arrangement. I 2024/2025 deltek 8 vidaregåande skular i Sirkulær/Plastutfordringa.	Vestland fylkeskommune	NPI
38	Verktøy for å rekne ut klimafotavtrykket		38.1.	<b>Utvikle verktøy for klimagass-budsjettering</b>	Prosjektet skal utvikle eit verktøy for klimagassbudsjettering. Verktøyet skal bistå tilbydarar med å lage klimabudsjett med kvalitetssikra utleppsfactorar. Deltaking i utvikling av budsjetteringsverktøy gjer at fylkeskommunen som byggherre kan vere med å påverke produktutviklinga mot vegdrift, slik at tilbydarar og byggherre sine system fungerer godt saman med felles omgrep og utleppsfactorar. Det skal også vurderast om verktøyet kan nyttast som støtte til verktøy for rapportering av klimagassutslipp frå drift og anleggsprosjekt. <i>Avhengig av finansiering</i>	Vestland fylkeskommune	INV

39	Klimavenleg innkjøp	Indirekte utslepp	39.1	<b>Klimakrav i anskaffingar fylkesvegane i Vestland</b>	<p>KKlimasats-prosjektet «Klimakrav i anskaffingar» har som mål å redusere utslepp og styre i riktig retning ved å sette strengare klimakrav i anskaffingar for fylkesvegane. Vestland fylkeskommune har fått 2,5 mill. kr i Klimasatstilskot til to nye 2-årige prosjektstillingar knytt til klimatiltak i tidleg planfase og talfesting av klimagassutslepp i driftsfase.</p> <p>Prosjektet «Klimakrav i anskaffingar» vil vere i gang ut 2024, men fleire tiltak er allereie vedtekne og implementert i organisasjonen. Dette omfattar mellom anna krav om berekraftssertifisering av alle utbyggingsprosjekt over 200 millionar, krav om innlevering av klimagassbudsjett- og rekneskap, og betre drivstoffrapportering. Vidare er det gjennomført intern kursing i verktøy for klimagassutrekningar, bruk av miljødeklarasjonar (EPD) og berekraftssertifisering av prosjekt.</p> <p>Meir informasjon om tiltak sjå klimabudsjett</p>	Vestland fylkeskommune	INV
		Indirekte utslepp	39.2.	<b>Grøne IT-løysingar</b>	<p>Leggje til rette for grønare IT-løysingar og produkt i bruk i fylkeskommunen. Leggje til rette for sikre og føremålstenlege produkt, med fokus på auka sirkularitet og energieffektivisering gjennom gjenbruk og ombruk og gjenvinning av IT-utstyr.</p> <p>Etablert samarbeid med ATEA 100 %-klubben.</p>	Vestland fylkeskommune	IDI
		Indirekte utslepp	39.3.	<b>Sirkulære møblar</b>	<p>Eige prosjekt for "Sirkulære møblar i VLFK" er avslutta og erfaringsoverføring og vidareføring av prosjektet inn i ei driftfase vert i fokus gjennom året.</p>	Vestland fylkeskommune	OPK

			39.4.	<b>Fremje sirkularitet i offentlege infrastrukturprosjekt gjennom Leverandørutviklingsprogrammet (LUP)</b>	Ivareta fylkeskommunen si partnarrolle i det nasjonale leverandørutviklingsprogrammet (LUP), der programansvarlege er NHO, KS, Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Innovasjon Norge og Forskningsrådet. Dete for å stimulere offentlege aktørar til å stille krav om sirkularitet ved store offentlege infrastrukturprosjekt, og andre relevante prosjekt. Legge til rette for at leverandørar i Vestland posisjonere seg til å sikre verdiskaping lokalt. Fylkeskommunen er medlem.	Vestland fylkeskommune	NPI og INV
		Indirekte utslepp	39.5	<b>Nullutsleppstransport i leveransar til fylkeskommunen</b>	Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har publisert ein drivstoffmatrise og tilrår prioritering av nullutsleppsteknologi og biogass i offentlege anskaffingar der transport inngår. Fylkeskommunen har utarbeidd standard krav for dette til anskaffingar. Krava kan bli brukt direkte, i ein marknadssdialog eller i omarbeidd form for å tilpassast det enkelte innkjøpet. Det skal rapporterast klimagassutslepp knytt til siste etappen av transporten fram til fylkeskommunen.	Vestland fylkeskommune	ORO
			39.6.	<b>Pilot: Bruk av karbonnøytral betong</b>	Legge til rette for bruk av karbonnøytral betong i nokre av INV sine prosjekt der kvalitetskrav gjer at lågkarbonbetong ikkje kan nyttast for å redusere dei indirekte utsleppa. <i>Avhengig av ekstern finansiering. Undersøke moglege EU-finansiering.</i>	Vestland fylkeskommune	INV

40	Berekraftige kantiner	Indirekte utslepp	40.1.	<b>Berekraftige kantiner</b>	Miljøfyrtårn sett krav til heilskapleg tilnærming til berekraftig matserving. Vestland fylkeskommune samarbeider med Matvalget om prosjektet "Berekraftig og sunne kantiner i Vestland", der målet er å legge til rette for erfaringsdeling mellom kantinene og gi tilbod om praktisk rettleiing i berekraftig måltid til fleire skular som ønskjer å vidareutvikle sitt kantinetilbodet. FN definerer berekraftig kosthald slik: «Kosthald som har låg miljøpåverknad, som bidrar til mat- og ernæringsikkerheit og til eit sunt liv for noverande og framtidige generasjonar».	Vestland fylkeskommune	NPI og OPK
41	Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren	Andre samfunns-effektar	41.1.	<b>Grønt vegkart for kunst- og kultursektoren</b>	Utarbeiding av program for 2025 vert gjennomført i januar/februar 2024 og vil truleg innehalde relevant aktivitet som del av den Kulturelle skulesekken.	Vestland fylkeskommune	KFO

## Plantema: TRYGT OG ROBUST VESTLAND

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)	Tiltak i klimabudsjett 2024	Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLFK
42	Auka bruk av naturbaserte løysingar for klimatilpassing		42.1.	Inngår i tiltak 13.1	Tematikken vil bli inkludert i arbeidet med 13.1 for å sikre heilskapleg planlegging i kommunane		
43	Klimatilpassing av fylkesvegnettet		43.1	<b>Konkretisere behov for klimatilpassing</b>	Det er vist at det er eit stort behov for oppgradering av infrastruktur for å vere førebudd på framtidig auke i flaumrisiko (sjå tiltak 43.1 i ÅP 2024). For å prioritere vegstrekningar, er det behov for å konkretisere kartlegginga og knyte dette saman med forsterkningsprogrammet og evalueringskriteria knytt til investeringsprosjekt over Regional transportplan. Slike tiltak er relevant som EU-prosjekt med finansiering. <i>Avhengig av ekstern finansiering.</i>	Vestland fylkeskommune	INV



43	Klimatilpassing av fylkesvegnettet		43.2.	<b>Forsterkning av veginfrastruktur</b>	Kunnskapsgrunnlaget for forsterkingsbehov på fylkesvegnettet peiker på at det er fleire gevinstar ved å forsterke fylkesvegnettet. I tillegg til kostnadsreduksjon på lenger sikt, vil det òg vere eit monaleg bidrag til å unngå klimagassutslepp ved at ein utset behovet for rehabilitering og nye anlegg. I tillegg vil dette forlengje levetida og dermed redusere kostnadane på lenger sikt og redusere vedlikehaldsbehov og vedlikehaldsetterslepet.	Vestland fylkeskommune	INV
			43.3.	<b>Innovativ skredsikring</b>	Med auka nedbør må vi rekne med auka skredhyppigheit og at det kan gå skred på stader som i dag er rekna som trygge. Prosjektet Innovativ skredsikring skal finne måtar for betre sikring med kortare anleggsperiode i skredfarleg terreng. I tillegg er det mål om å finne metodar som gjev lågare kostnad og klimagassutslepp. I 2025 skal prosjektet samanfatte kunnskapsgrunnlag, finne handlingsrommet og starte opp eitt til to pilotprosjekt.	Vestland fylkeskommune	INV
44	Medverknadsmetodar for klimatilpassing		44.1.	<b>Ingen tiltak i 2025</b>	Ferdig i 2024	NORCE, Institutt for geografi ved NTNU og Vestlandsforskning	NPI
45	Søke klimatilpassingsmidlar		45.1.	<b>Søke klimatilpassingsmidlar</b>	Søknadsfrist 15. februar 2025	Alle	
46	Kommunenettverk for klimatilpassing		46.1.	<b>Kommunenettverk for klimatilpassing</b>	Nettverk for å styrke arbeidet med klimatilpassing, då oppdatert kunnskap, erfaringsdeling og læring er viktig for å lukkast. Nettverket er drifta av KS der kommunar i heile landet vert invitert. Mål om deltaking frå kommunar i Vestland i 2025 også.	KS Vestland	NPI

47	Samfunnstrykkleik og beredskap		47.1.	<b>Samfunnstrykkleik og beredskap</b>	FylkesROS Vestland er ein overordna analyse av risiko og sårbarheit i fylket, inkludert konsekvensane av klimaendringane. Den vil vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for beredskapsplanlegging, og for analysane av risiko- og sårbarheit i kommunane. Oppfølging av handlingsplanen til FylkesROS vil vere eit viktig tiltak for å redusere sannsynet for, og konsekvensane av uønskte hendingar.	Statsforvaltaren i Vestland	NPI
48	Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt		48.1.	<b>Rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt</b>	Sivilbeskyttelseslova og forskrifta til den pålegg kommunen å utarbeide ein heilskapleg ROS-analyse. Analysen skal omfatte risiko og sårbarheit i eige område, m.a. uønskte naturhendingar. Det er viktig at analysen omfattar vurderingar av risiko og sårbarheit i eksisterande busetnad og infrastruktur, og konsekvensar av klimaendringane. Statsforvaltaren driv rettleiing og tilsyn med kommunane si oppfølging av beredskapsplikta etter sivilbeskyttelseslova	Statsforvaltaren i Vestland	NPI
49	Indikatorar for klimatilpassing av bygningar og infrastruktur		49.1.	<b>Ingen tiltak i 2025</b>	Ferdig i 2024	Osterøy kommune (prosjekteigar), SINTEF, Vestlandsforskning.	NPI
50	Klimarisikovurdering av Vestland		50.1	<b>Samarbeidsprosjekt: Kunnskapsgrunnlag og analyse av framtidig klimarisiko og sårbarheit</b>	Klimarisikoprojekt for metodeutvikling og samproduksjon av lokal klimakunnskap knytt til klimarisiko og sårbarheit i regionen. <i>Finansiert av øyremerka midlar på klimafond.</i>	Samarbeid mellom fylkeskommunen, Vestlandsforskning, NORADAPT, Norge og Årdal kommune som pilotkommune.	NPI

			50.2.	<b>Klimarisikoanalyse av Vestland</b>	I 2025 vil vi få ein samla analyse over klimasårbarheita til Vestland fylke. Analysen vil vise forskjellar på kommunalt nivå, og sjå på tidshorisontane 2030, 2050 og 2100. <i>Finansiert av øyremerka midlar på klimafond.</i>	Vestland fylkeskommune	NPI
51	Kulturmiljøverdiar i eit endra klima		51.1	<b>Nettverk for kulturmiljø og klima</b>	Deltaking i Riksantikvaren sitt nyoppstarta nettverk for kulturmiljø og klima. Nasjonal møteplass for aktørar innan kulturmiljøforvaltning som jobbar med eller ynskjer å utvikle kompetanse innan klima og kulturmiljø. Nettverket sine to fokustema er (1) reduksjon av klimagassutslepp gjennom sirkulærøkonomi og ombruk, og (2) klimatilpassing. Nettverk for kunnskapsutvikling og kompetanseheving og bidra til å vidareutvikle arbeidet på klimafeltet som er av betydning for kulturmiljøforvaltninga.	Vestland fylkeskommune	KFO

## Plantema: SIKRE NATURMANGFALD

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)		Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	Vestland fylkeskommune	Ansvarleg eining i VLFK
		Andre samfunns-effektar	52.1.	<b>NYVEST innovasjonsprosjekt</b>	NYVEST er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland, Møre og Romsdal og Rogaland fylkeskommunar, Vestlandsforskning og NINA. Prosjektet skal vidareutvikle metode for regionalt arealrekneskap, både som datagrunnlag, verktøy og vilkår for å forbetre avgjerdprosessar knytt til arealbruk. Prosjektet har mål om å utvikle nyskapande metodar for naturdata og arealrekneskap for å vise samspeleffektar mellom natur og klima på Vestlandet.	Vestland fylkeskommune, saman med Rogaland og Møre og Romsdal FK, NINA og Vestlandsforskning	NPI

52	Forarbeid arealrekneskap	Andre samfunns-effektar	52.2.	<b>Klimasats-prosjekt: Arealrekneskap for utslppsreduksjon</b>	Prosjekt med Klimasats-finansiering for samarbeid om arealrekneskap med kommunane; Voss, Sunnfjord, Aurland og Vik. Målet er å utforme ein samanliknabar metodikk til nytte for både fylkeskommunen og kommunane i regionen.	Vestland fylkeskommune	NPI
			52.3.	<b>Sikre naturmangfald i statleg sikra friluftsområde</b>	Sikre viktige naturverdiar i statlege sikra friluftsområde gjennom forvaltingsplanar, og planlegging av skjøtsels- og tilretteleggingstiltak. Ved tildeling av tilskot til tiltak i områda skal konsekvensane av naturmangfaldet vurderast jf. § 8-12 i Naturmangfaldslova. Vestland fylkeskommune godkjenner forvaltningsplanane for dei statleg sikra områdene og tildeler statlege midlar til tilrettelegging og skødsel av områda.	Vestland fylkeskommune saman med friluftsråda og kommunane	KFO
53	Kartlegging av karbonrike areal		53.1.	<b>Kartlegging av karbonrike areal</b>	Følgje opp avtale med HVL om støtte til gjennomføring av fysisk kartlegging av karbonrike areal gjennomført av studentar. Avtalen går ut våren 2025, med intensjon om å vidareføre til våren 2026	Vestland fylkeskommune	NPI
			54.1.	<b>Smart veglys</b>	Vestland fylkeskommune tar del i den tverretatlege satsinga om å redusere veglys på utvalde plassar. Ved å redusere lysforureining vil ein redusere påverknad på nattaktive dyr, frigje elektrisk kraft til andre føremål og på sikt redusere klimafotavtrykket. Statens vegvesen er prosjekteigar og avdeling for infrastruktur og veg bidreg som innspelspart. Fylkesvegane utgjer det største volumet av vegar med veglys og vi vil derfor kunne bidra til å auke potensialet for måloppnåing ved å inkludere fylkesvegane.	Statens vegvesen	INV

54	Økosystemtenester		54.2.	<b>Restaurering av natur</b>	Naturrestaurering av nedlagde fylkesvegar vil styrkje økosystemtenester ved å gjenopprette den økologiske tilstanden. Tiltaket vil gje betydelege miljøgevinstar, som betre leveområde for stadeigne artar, og på sikt auka karbonbinding og betre overvasshandtering i reetablerte myrar og skogsområde, samt fremje rekreasjonsmoglegheiter som friluftsliv. Å tilbakeføre tidlegare påverka område til naturleg tilstand er eit konkret tiltak som fremjar biologisk mangfald, i tråd med Naturavtalen. Tiltaket inneber mellom anna detaljprosjektering og gjennomføring av restaurering på delar av Fv. 5722 langs Flostranda i Stryn kommune. <i>Delvis finansiert</i>	Vestland fylkeskommune	INV
			54.3	<b>Tiltaksplan for framande artar</b>	Framande artar er ein stor trussel mot biologisk mangfald og ein stor utfordring i alle bygge- og anleggsprosjekt. Det er behov for ein heilskapleg tilnærming til handtering av framande artar. Tiltaket er å danne prosjektgruppe på tvers av relevante seksjonar i Vestland fylkeskommune. Målet for prosjektet er å lage generelle prosedyrar som kan nyttast til å lage gode prosjektspesifikke planar for handtering av framande artar. VLFK	Vestland fylkeskommune	INV
55	Berekraftig forvaltning av kystlynghei		55.1.	<b>Tilskot til berekraftig forvaltning av kystlynghei</b>	Tildeling av tilskot til beiting og brenning av kystlynghei, gjennom regionale miljøtilskot i Vestland.	Statsforvaltaren	NPI
56	Innspel til naturrisikoutvalet		56.1.	<b>Ingen tiltak i 2024</b>	Naturrisikoutvalet har levert si utgreiing (NOU).		
57	Naturmangfaldsplanar		57.1.	<b>Naturmangfaldsplanar</b>	Styrke arbeidet og fokusere på naturmangfald i kommunale planar, og i kommunale naturmangfaldsplanar. Det er mogeleg å søke tilskot frå Miljødirektoratet til planprosessen.	Statsforvaltaren i Vestland	NPI

## Plantema: KLIMARETTFERD OG FOLKEHELSE

Nr. i HP	Prioritering i HANDLINGSPROGRAM (HP)		Tiltaks nr.	Tiltak til ÅRSPLAN 2024	Skildring av tiltak	HOVUDANSVARLEG	Ansvarleg eining i VLEK
58	Klima og folkehelse tydeleg på dagsorden		58.1.	<b>Utarbeide rutine-notat</b>	Utarbeide skriftleg rutine som skal samordne og forsterke fylkeskommunens tiltak knytt til klima og folkehelse	Vestland fylkeskommune	NPI og KFO
			58.2.	<b>Webinar i folkehelsenettverket</b>	Inkludere klima og folkehelse, med vekt på klimarettferd, som tema i folkehelsenettverket sine arrangement gjennom året.	Vestland fylkeskommune	KFO
			58.3.	<b>Tilskot til plan for friluftlivets ferdselsårer</b>	Tilskot til kartlegging av friluftsområde og ferdselsårer i kommunane for å sikre betre planlegging og forvaltning av ferdselsårer som nyttast til rekreasjon og friluftsliv. Eit våtare og villare klima stiller krav til korleis vi planlegg og tilrettelegg stiar og turvegar for å vere robuste og toler auka klimapåkjenning. Ivaretaking av område for natur og friluftsliv er viktig både i eit klima- og folkehelseperspektiv.	Vestland fylkeskommune	KFO
			58.4	<b>Utlånssentralar</b>	Bidra til fornying av utstyr og bidra til at det er utlånssentralar i alle kommunane i fylket. VLFK gir ikkje tilskot direkte til BUA, Skattekammeret eller liknande ordningar. Frilager Bergen og Omland har etablert filial i Vestland i 2024. Gjennom prosjektet ro- og padleruter Vestland er det eit mål om å få til eit felles kart over utlånstader knytt til roing og padling.	Vestland fylkeskommune	KFO
59	Måle kopling mellom klima og folkehelse		59.1.	<b>Vidareutvikle eksisterande undersøkinga.</b>	Førebu og sikre at klimaperspektivet blir teke med i prosjektgrunnlaget for den regionale folkehelseundersøkinga. Planlegging i 2025, og gjennomføring av undersøkinga i 2026.	Vestland fylkeskommune	NPI og KFO

[www.vlfk.no/klimaplan](http://www.vlfk.no/klimaplan)